

Rettleiing

Timelister kunstkonsulentar

HONORAR

Honorar og reiseutgifter til konsulent blir dekt i samsvar med dei gjeldande reglane som er avtalt mellom Kulturdepartementet og kunstnarorganisasjonane om kjøp av konsulenttenester. Alle kostnader til telefon, kopiering, porto og andre kontorhaldsutgifter blir dekt av timesatsen i samsvar med avtala. Honorarsatsen inkluderer også sosiale kostnader og feriepengar.

Honorarsatsar:

01.07.08 – 30.06.09 kr 477,-
01.07.09 – 30.06.10 kr 500,-
01.07.10 – 30.06.11 kr 517,-
01.07.11 – 30.06.12 kr 537,-
01.07.12 – 30.06.13 kr 558,-
01.07.13 – 30.06.14 kr 577,-
01.07.14 – 30.06.15 kr 596,-
01.07.15 – 30.06.16 kr 612,-
(blir regulert etter sentralt oppgjør i staten)

Det blir normalt honorert for inntil 8 timar per dag.

Kompensasjon for reisetid blir honorert slik:

Ved reisetid på 4 timar eller meir (tur-retur) kan konsulenten føre 1 time ekstra møtetid. Ved reisetid på 8 timar eller meir (tur-retur) kan konsulenten føre 2 timar ekstra møtetid.

Bruk timelista slik:

Fyll inn namn, prosjektnamn, prosjektnummer og ev. andre relevante opplysningar.

Fyll inn dato, møtetid, talet på timar osv. for kvar dag du har arbeid.

Ved reisetid på over 4 timar per dag kan du få reisetidskompensasjon. Dette gjeld berre tur-retur-reisa og ikkje heile opphaldet. For heile opphaldet fyller du ut reiserekning, og du får refundert reiseutlegga dine samt kostgodtgjersle etter statens satsar. Du får ikkje refundert måltidsutlegg.

Honoraret blir normalt utbetalt som lønn. Viss du vil ha honoraret utbetalt som næringsinntekt, sender du inn ein attest som stadfestar relevant næringsverksemd og at forskotsskatt blir betalt. Honorar utbetalt som næringsinntekt er momspliktig inntekt.

BS 17.08.15